# "BLÅVEISPIKEN"



ELLER "DETTE HAR JEG GLEMT"

URPREMIÈRE 29.OKTOBER PÅ SCENE 2

# "BLÅVEISPIKEN"

ELLER "DETTE HAR JEG GLEMT"

| | |
|---|---|
| Kristin | Rulle Smit |
| Lille-Kristin | Ingunn Beate Øyen |
| Janne | Irina Eidsvold |
| Lille-Janne | Nina Nedberg |
| Kristins far m.m | Oddvar Hellan |
| Demon m.m | Niels Peter Underland |
| Jannes Far m.m | Henning Farner |

Manus og regi: ELSA KVAMME
Musikk: SVERRE INDRIS JONER ("Tango for tre")

Musikarar: SVERRE INDRIS JONER (piano), STEINAR HAUGERUD (kontrabass) og PER ARNE GLORVIGEN (bandoneon)

Produsent: KRISTIN LUNDE

| | |
|---|---|
| Inspisient: | LEIV NYBØ |
| Masker: | GITTE DÆHLIN |
| Kostyme: | INGRID NYLANDER |
| Scenografi: | WILHELM MUNTHE KAAS |
| Lys: | CASPER EVENSEN, LYSVERKET |
| Tango-instruksjon: | ANIBAL PANNUNZIO |
| Vignett/Plakat: | HÅKON BLEKEN |

Framsyninga varar ca. 1t 20 min.

**URPREMIÈRE 29. OKTOBER PÅ SCENE 2**

Vi takkar alle dei som gjennom støtte og samarbeid har gjort Prosjekt Blåveispiken mogleg: Norsk Kulturråd, Norsk Kassettavgiftsfond, Helsedirektoratet, Barne- og Familiedepartementet, Sosialdepartementet, Kulturdepartementet, Røde Kors, TV-aksjonen for psykisk helse '92 og Haakon Selvaag Stiftelse.

Takk til Marianne Lind ved Støttesenteret mot incest i Oslo som har hjelpt til i utarbeidinga av Blåveispiken.

Blåveispiken skal på turné i perioden 18/1-3/2 1993 i samarbeid med Riksteatret.

Støttesenteret mot incest i Oslo vil vere til stades med stand/informasjon etter kvar framsyning og er tilgjengeleg for publikum.

To jenter møtest. Begge har eit mørkt hol i minnet. Kvar for seg er dei som våte fyrstikker, saman blir dei dynamitt som utfordrar kvarandre til å opne stengde skap frå fortida. På ny må dei oppleve forvirringa til eit mishandla barn over ein far som skifter mellom å vere hyggeleg pappa og forheksa djevel. Og på ny opplever dei ei omverd som ikkje ser anna enn ein "trollunge" som blir verre og verre.

"Blåveispiken" er inspirert av sanne incest-historier frå vår tid, levandegjort i ei form der det mytiske blir blanda med det konkrete. Den naive barneteikninga har vore utgangspunktet for forteljarspråket. Her er mykje svart, kvit og raudruta humor. Gjennom situasjonar vi kjenner att, blir vi førte inn i erfaringar som ligg bakom det rasjonelle, frå dei forvrengde barnesongane til ein fem-åring til "Carmen-suget" i dei vaksne kvinnene og deira ønskje om hemn.
"Blåveispiken" tek opp den livsvarige kampen mellom gode og vonde krefter, korleis overleve med det skapande og det destruktive side om side og faren for å skyve det vonde unna med eit "dette har eg gløymt". Med nykomponert musikk og suggestiv scenografi er dette blitt eit stykke ny dramatikk ein sjeldan ser på norske scenar, spela i ei ikkje-verbal form som langtfrå er ordlaus.



**BILLETTAR KR 110,-**

**Grupper (min. 10 pers.) kr 99,-**

**Grupper (min. 30 pers.) kr 88,-**

**Student/honnør kr 55,-**

**TLF 02 42 43 44**

*"Dette har jeg da glemt for lengst"*
*sa faren til den voksne datteren.*
*Men hun husket.*

**ELSA KVAMMES TEATER I SAMARBEID MED**

det norske teatret